

PROTOKOLL

FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE BERGEN HF

Onsdag 21.februar 2018 kl 16.00 blei det halde føretaksmøte per telefon i Helse Bergen HF.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Godkjenning av dagsorden
3. Endring av vedtektene
4. Val av styremedlemmer, jf helseføretakslova § 21
5. Fastsetting av styregodtgjering, jf helseføretakslova § 21. tredje ledd

Frå Helse Vest RHF møte: Einar Strømsvåg, styreleiar

Frå styret møte: Svein Gjedrem, styreleiar
Anne-Margrete Bollmann, styremedlem
Geir Arne Sunde, styremedlem

Frå administrasjonen møte: administrerende direktør Eivind Hansen

Også tilstades: Herlof Nilssen, administrerende direktør Helse Vest RHF
Ivar Eriksen, eigardirektør

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med helseføretakslova og riksrevisjonslova.

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Einar Strømsvåg, med fullmakt til å utøve eigarmyndigheit på vegne av Helse Vest RHF etter helseføretakslova § 16, ønskte velkommen og spurde om det var merknadar til innkallinga.

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Svein Gjedrem og Einar Strømsvåg blei valt til å underskrive protokollen.

Einar Strømsvåg overlet møteleiinga til Svein Gjedrem

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknadar til den utsende dagsorden. Det var ingen merknadar til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

Sak 3. Endring av vedtektene

Styret i Helse Vest RHF behandla i styremøtet 21. februar 2018 sak om endring av vedtektene § 7.

Føretaksmøtet vedtok:

§ 7 i vedtektene til Helse Bergen HF skal ha følgjande ordlyd:

«Helse Bergen HF ledes av et styre. Styret skal ha 11 medlemmer. Syv medlemmer oppnevnes av føretaksmøtet som velger styrets leder og nestleder. I tillegg velger de ansatte 4 styremedlemmer med varamedlemmer.

Med utgangspunkt i de partsforhold som da vil gjelde, deltar styremedlemmer som er valgt av de ansatte ikke i behandling av saker som gjelder arbeidsgivers forberedelse til forhandlinger med arbeidstakere, arbeidskonflikter, rettstvister med arbeidstakerorganisasjoner eller oppsigelse av tariffavtaler.

Styret ansetter daglig leder. Helseføretakets daglige leder kan ikke sitte i styret.

Daglig leder i Helse Vest RHF har gjennom forvaltning av avtalen mellom Helse Bergen HF og Helse Vest RHF rett til innsyn og oppfølging av foretaket også ved direkte kontakt med administrasjonen i helseforetaket

Sak 4. Val av styremedlemmer, jf helseforetakslova § 21

Det blei gjort greie for eigar sitt forslag til nytt styre. Rolf Martin Tande og Per Karlsen trer inn som nye medlem i styret. Ivar Eriksen går ut. Svein Ingvar Gjedrem blir gjenvald til styreleiar og Signy Midtbø Riisnes blir gjenvald som nestleiar.

Føretaksmøte gjorde følgjande vedtak:

Følgjande personar blir oppnemnde som representantar til styret i Helse Bergen HF:

Svein Gjedrem, styreleiar
Signy Midtbø Riisnes, nestleiar
Bjørn Østbø
Anne-Margrete Bollmann,
Mona Haugland Hellesnes
Rolf Martin Tande
Per Karlsen

Sak 4. Fastsetting av styregodtgjering, jf helseforetakslova § 21. tredje ledd

Føretaksmøtet skal etter helseforetakslova § 21 tredje ledd fastsetje godtgjersle til styret.


Helse- og omsorgsdepartementet har for inneverande år gjort endringar i styregodtgjeringa for Helse Vest styret. Tilsvarende regulering av styregodtgjering blir gjort for medlem av helseforetaka sine styrer.

Forslag til vedtak:


Føretaksmøtet fastset styregodtgjeringa f.o.m 21. februar 2018 til:

Styreleiar	kr 231 000,- per år
Nestleiar	kr 163 000,- per år
Medlemmer	kr 134 000,- per år

Varamedlemmer får ei godtgjering tilsvarende 4 % av ordinært styrehonorar per møte.

 , den 22/2 2018

Svein Gjedrem

 , den 21/2 2018

Einar Strømsvåg